



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1250-88

19. oktober 2017

### **Tildeling av skjønstilskot etter flaum i 2017 til Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Vi viser til brev av 25.09.2017 med søknad om skjønstilskot etter flaum 24. juli 2017. Departementet har handsama søknaden, og tildeler Sogn og Fjordane fylkeskommune 27,425 mill. kroner i skjønstilskot som kompensasjon for skadar etter flaumen.

Departementet kan gi skjønstilskot som ein delvis kompensasjon for utgifter knytt til handteringa av den akutte krisesituasjonen, og til reparasjon av fylkeskommunal infrastruktur. Ved berekning av kompensasjon legg departementet til grunn at fylkeskommunar som har kostnader som i sum går over 250 kroner per innbyggjar, kan få kompensasjon for utgiftene. Departementet vil i kvar enkelt sak vurdere storleiken på kompensasjonen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har søkt om å få kompensasjon for kostnader på 54,85 mill. kroner. Dette inkluderer kostnader til ei ekstra ferje på riksvegsambandet Anda-Lote i perioden fylkesvegen var stengt. De skriv at dette er ein kostnad som staten bør kompensere fullt ut, og at dette må bli vurdert særskilt. Ferja vart satt inn for å ta av for den ekstra trafikken frå stengde fylkesveggar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vurderer derfor denne kostnaden som ein fylkeskommunal kostnad, og har inkludert kostnadene til ferja i berekningsgrunnlaget for kompensasjon.

Departementet vil dekkje 50 pst. av dei antatte kostnadene til fylkeskommunen etter flaumen, til saman 27,425 mill. kroner. Kompensasjonen blir utbetalt saman med det ordinære rammetilskotet i november 2017.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Hanne Thonstad  
22 24 72 59

De må sende dokumentasjon til departementet som viser at midlane er brukt i tråd med følgjande kriterium for tildeling:

- Utgiftene som vert dekt skal vere ekstraordinære fylkeskommunale utgifter, og ikkje utgifter til normalt fylkeskommunalt vedlikehald.
- Utgiftene som vert dekt skal ikkje bli dekt på annan måte, gjennom forsikring eller gjennom andre statlege etatar.
- For investeringar skal ein leggje til grunn ei tilbakeføring til opphavleg nivå, og ikkje ei standardheving.
- Utgifter til førebyggjande tiltak skal ikkje reknast med i berekningsgrunnlaget for kompensasjon.

Meirverdiavgifta skal trekkjast ut av berekningsgrunnlaget, då fylkeskommunane får kompensert for denne. Dette må kome tydeleg fram i dokumentasjonen.

Dokumentasjonen skal vere bekrefta av fylkeskommunens revisor og mottatt av departementet innan 15.10.2019.

Dersom ikkje midlane vert brukt, eller dersom midlane ikkje vert brukt til føremålet eller etter dei nemnde kriteria for tildeling, må fylkeskommunen betale midlane tilbake til departementet.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Hanne Thonstad  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*